



Dato: 22.05.2018  
Vår ref.: 2014/17126-106  
Saksbehandlar: kriiver  
Dykkar ref.:

Til: Samarbeidspartnarar

## Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Fylkestinget i Hordaland vedtok «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» 4. oktober 2017. Det overordna målet med planen er betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Planen har vidare tre hovudmål knytt til følgjande område:

- Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
- Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:
  - Arbeidslivet sitt behov for fagarbeidarar skal vere styrande for dimensjoneringa av fag- og yrkesopplæringa
  - Arbeidslivet sitt behov for spesialiserte fagutdanningar skal vere avgjerande for dimensjoneringa av utdanningstilboda på fagskulenivå
  - Arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft skal tilleggast vekt ved dimensjonering av utdanningar på universitets- og høgskulenivå som det er mangel på i den regionale arbeidsmarknaden
  - Betre samordning på tvers av utdanningsnivåa for å sikre meir gjennomgåande og heilskaplege utdanningsløp
- Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Hordaland fylkeskommune er i gang med å etablere samarbeid på kompetansefeltet med relevante aktørar i fylket. I samarbeidsmodellen er det lagt vekt på utvalde bransjar og samarbeid med sentrale aktørar i regionane i fylket

Kathrin Jakobsen  
Seksjonsleiar Forsking, internasjonalisering og analyse

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

